



Fortunen AS  
Torgalmenningen 7  
5014 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3254 - 16/11753

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
09.06.2016

## Godkjenning- Søknad om igangsetjingsløyve for deler av tiltaket, Sagstad skule- GBNR 24/27

**Administrativt vedtak. Saknr: 192/2016**

**Tiltakshavar:** Meland kommune v/ordføraren  
**Ansvarleg søkjar:** Fortunen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Saka gjeld:

Fortunen AS har på vegne av Meland kommune søkt om igangsettingsløyve for deler av tiltaket – riving, og grunn og betong arbeid – for tilbygg til Sagstad skule, gbnr 24/27.

Rammeløyve er gitt i administrativt vedtak 58/2016 - dagsett 7.3.2016.  
Det ligg føre samtykke til tiltaket frå arbeidstilsynet dagsett 1.4.2016.

#### Planstatus:

Eigedommen er i kommuneplanen sin arealdel (KPA) regulert til offentlege tjenesteyting (OT\_2). Tiltaket er i samsvar med arealformålet.

#### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve. Det er ikkje trong for ny nabovarsling .

#### Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan dagsett 18.5.2016, vedlagt søknaden. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23 - 1. Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarlege prosjekterende, utførande og kontrollerende, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, andre ledd.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for deler av tiltaket, riving og for grunn og betongarbeid – tilbygg til Sagstad skule, gbnr 24/27, jf søknad med vedlegg motteke 19.5.2016.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan dagsett 18.5.2016, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova.

Igangsettingsløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om igangsetjingsløyve GBNR 24/27

**Mottakere:**

Fortunen AS

Torgalmenningen 5014  
7

BERGEN